

Eigen organisasjon					
UFT meiner at..		Påbegynt	Ferdig	Blir ikkje gjort	Kommentar
1. Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.	<p>UFU skal fremje eit nært samarbeid med dei ulike avdelingane og utvala i Hordaland fylkeskommune.</p> <p>UFU skal sjå til at det er ein kontaktperson i utvalet til dei tre politiske utvala i HFK; utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for opplæring- og helse og utval for miljø og samferdsel.</p> <p>UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si meinings.</p>				
2. Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på saker som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.	<p>UFU skal hjelpe med opprettning og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.</p> <p>UFU kan utarbeide og formidle ein brosjyre til hjelpe i arbeidet i eit ungdomsråd/ungdommens kommunestyre.</p> <p>UFU skal ta seg tid til å reise til kommunar utan ungdomsråd for å hjelpe til i oppstartfasen. Kommunane skal vere informerte om denne moglegheita.</p> <p>UFU skal oppmøde kommunar utan ungdomsråd til å ta del i årlege arrangement som UFT og nettverksamling.</p>				
3. Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og bygge på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse.	<p>UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saker.</p> <p>UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana.</p> <p>UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Arbeidsgruppe for oppretting av Nasjonalt ungdomsråd.</p> <p>UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.</p>				
4. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.	<p>UFU skal utarbeide ei betre heimeside med meir informasjon.</p> <p>UFU skal legge ut minimum fire saker i månaden på Facebook eller Instagram .</p> <p>UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, fylkeshuset, kulturmønstinga, osv.</p> <p>UFU skal ha minst seks saker i media i løpet av 2017.</p> <p>UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.</p> <p>UFU skal presentere seg og sakene til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2017.</p> <p>UFU skal i særskilt tilfelle ha mandat til å publisere saker som UFT ikkje har presisert dersom dei er partipolitisk nøytrale.</p> <p>UFU skal arrangere debatt for ungdom i fylket</p>				
5. Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særskilt viktig.	<p>UFU skal arrangere ei nettverksamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU.</p> <p>UFU kan arrangere ein dialogdag for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der dei presenterer seg for råda og forklarer kva UFU arbeider med.</p> <p>UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre gjennom ein kontaktpersonordning.</p>				